



LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Rita Waagenæs
Mongstadvegen 497
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3676 - 19/19644

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
21.06.2019

Vedkomande søknad om frådelling av ny grunneigedom - gbnr 116/4 Lauvås

Vi synar til Dykkar søknad om frådelling av grunneigedom motteke her den 05.12.2018.

Det er søkt om frådelling av om lag 3,9 mål til bustadføremål. Innafor omsøkte areal ligg ei bustad og mindre bygg knytt til denne.

Vår vurdering:

Ved frådelling av eigedomar innafor LNF-området er det naudsynt å sikre at avgivereigedomen får sikra de ressursar den har, og at ein ikkje deler i frå areal som kunne vore nytta som landbruksareal. Det er eit overordna mål å begrensa omdisponering av landbruksareal, og dette må vurderast konkret i kvar enkelt sak.

Når det gjeld omsøkte eigedom er det vår vurdering at arealet må reduserast slik at areal som kan nyttast i vidare drift av garden ikkje vert en del av bustadeigedomen. Vi kan ikkje sjå at vi kan gje positivt vedtak slik saka ligg føre no.

Vi ber om stadfesting på om De ynskjer at søknaden vert handsama slik den ligg føre no, eventuelt kan det sendast inn revidert søknad, der vi rår til at ein søkjer om mindre areal og at dette er vurdert opp mot brukstrukuren til garden.

Frist for attendemelding vert satt til **19.07.2019**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

